

Dato: 07.01.2015
Vår ref.: 2015/177-8
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:


Kulturminnefagleg fråsegn - rammeløyve til masseutfylling i sjø - gnr 1 bnr 57, gnr 1 bnr 284 - Meland kommune

Vi viser til telefonkontakt og e-post-korrespondanse med Meland kommune v/Bjarte Buanes 07.01.15 vedrørende rammeløyve for utfylling i sjø ved Gudmundsholmen, gnr 1 bnr 57 og gnr 1 bnr 284 i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Fylkeskommunen er gjennom kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum 06.01.15 gjort merksam på rammeløyvet for utfylling på nemnte gards- og bruksnummer, datert 01.12.14. Meland kommune har på førespurnad oversendt vedtak og dokumentasjon i saka. Løyvet omfattar utfylling i sjø mellom Gudmundsholmen og Flatøy. Det framgår av saksdokumenta at det har vore uklart korvidt tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan for arealet. Så langt vi kan sjå er denne planen frå 1989. Det framgår vidare at kommunen har konkludert med at tiltaket er i tråd med gjeldande plan, søknad om tiltak eller vedtak i saka er såleis ikkje sendt kulturminnemynde for vurdering etter kulturminnelova. Tilhøvet til automatisk freda kulturminne skal normalt avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan. I dette tilfellet er gjeldande reguleringsplan av eldre dato, og vi kan ikkje sjå at tilhøvet til marinarkeologiske kulturminne er avklart i denne saka. Ved høve der det er uklart om eit tiltak er i tråd med reguleringsplan, særleg i tilfelle kor det er kjent automatisk freda kulturminne i nærområdet, bør det innhentast uttale frå kulturminnemynde i saka. I dette tilfellet er fleire marine kulturminne i tiltaket sine omgjevnader registrert etter vedtak av gjeldande plan (lokalitet Litlebergen, Askeladden-id 123730 (2007) og lokalitet Hånøyna S, Askeladden-id 123857 (2004)), og kjende funn i området har betydning for vurdering av funnpotensialet.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi som blir direkte råka av tiltaket som er gjeve løyve til 01.12.14. Det er imidlertid kjent fleire automatisk freda kulturminne på land og på sjøbotnen i nærområdet. Bergens Sjøfartsmuseum melder at området har vore nytta til sjøfart tilbake i eldre tid. På toppen av Hånøyna står eit gammalt sjømerke, truleg oppretta av Håkon den gode i år 940 som eit ledd i landevernet. I Litlebergen like nordvest for tiltaksområdet er det funne kulturminne frå 1700-talet i hamneområdet.

Bergens Sjøfartsmuseum vurderer at arealet omfatta av rammeløyvet har potensiale for funn av marine kulturminne, det er dermed naudsynt med ei marinarkeologisk registrering med heimel i §§ 9 og 14 i kulturminnelova. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må dekke kostnader til arkeologisk registrering, jf §§ 9 og 10 i kulturminnelova.



Vi ber Meland kommune ta inn eit nytt punkt i vedtaket, som sikrar at Bergens Sjøfartsmuseum får høve til å gjennomføre marinarkeologisk registrering og avklare tilhøvet til eventuelle nye funn av automatisk freda kulturminne:

Før tiltak kan igangsetjast skal det gjennomførast marinarkeologisk registrering av Bergens Sjøfartsmuseum, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne skal avklarast.

Vi gjer vidare merksam på at dersom registreringa skulle påvise funn av automatisk freda kulturminne, må saka leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova.

Vi ber Meland kommune orientere tiltakshavar, og be vedkommande ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum for å avtale tidspunkt for registrering.

Vi ber kommunen om rask tilbakemelding i saka.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:
Bergens Sjøfartsmuseum
Fylkesmannen i Hordaland